



ÅRSMELDING 2013



Årsmelding for 2013

Verksemda

NORLA har også i 2013 erfart den store interessa for norsk litteratur frå utlandet. Det har vore eit aktivt år for stiftinga NORLA, som har vist vegen for norsk litteratur til utlandet gjennom eit omfattande arbeid med promotering og formidling. NORLA har ytt stor innsats for omsetjarane gjennom seminar og aktivitetar, medverka til at norske forfattarar har reist ut med bøkene sine, og gitt omsetjingsstøtte til norske bøker på andre språk. NORLA har tatt i mot omsetjarar, forleggarar og journalistar som har besøkt Norge, og har auka nettverket sitt i mange delar av verda.

NORLAs stab av fast tilsette har vore uendra gjennom året. I september blei Margunn Vikingstad engasjert i mellombels stilling som prosjektkoordinator for Internasjonal omsetjarkonferanse i 2014. Hausten 2013 hadde ein student, Hege Langrusten, prosjektsemester hos NORLA.

Styret

Styret heldt fire styremøte i løpet av året. Rekneskapen for 2013 er revidert og budsjett for 2014 er vedteke av stiftingsstyret. Styrets samansetjing: Trond Andreassen blei vald til ny styreleiar, etter Astrid de Vibe som gjekk ut av styret. Sigmund Løvåsen blei attvalt som nestleiar. Ingeborg Kongslien gikk ut av styret, og Elisabeth Oxfeldt blei ny styremedlem med Christian Refsum som vara.

Faglege råd

Det skjønnlitterære faglege rådet har vore uendra. I det faglege rådet for sakprosa gikk tre medlemmer ut: Finn Skårderud, Katrine Fangen og Tore Rem. Desse blir erstatta i 2014. Dei to faglege råda har til saman hatt seks møte for å vurdere søknadene om omsetjingsstøtte.

Likestilling

Av sju faste tilsette er fem kvinner og to menn. Styret består av to kvinner og fem menn. Styret har ut frå ei vurdering av talet på tilsette og stillingskategoriar ikkje funne det nødvendig å setje i verk spesielle tiltak.

Vedtekter

NORLAs vedtekter blei endra til at styre- og fagrådsmedlemmer blir oppnemnt for tre år. Perioden kan forlengast med tre nye år. Endringa er godkjent av Kulturdepartementet.

Kriterium for omsetjingsstøtte

Kriteria for omsetjingsstøtte blei gjennomgått og oppdatert og vedteke av styret. Sjå tekst på www.norla.no

Administrative oppgåver

Nasjonalbiblioteket heldt fram arbeidet med å utvikle ein samla database over norsk litteratur på andre språk, i samråd med NORLA og med støtte frå Norsk Kulturråd. Arbeidet blir fullført i 2014.

På vegner av dei nordiske landa har NORLA sidan 2007 administrert ordninga med Nordisk ministerråds støtte til omsetjing. Koordineringa blei overført til Danmark i 2013.



Omsetjingsstøtte

Ein sentral del av NORLAs verksemd er å tildele omsetjingsstøtte etter søknad frå utanlandske forlag. Talet på søknader har auka dei siste åra, og godkjente søknader er dobla frå 209 i 2006 til 412 i 2013. Fjoråret låg litt under rekordåret 2012, da 431 utgivingar fikk støtte. Støtta gikk til 196 forfattarskap, og omfatta 46 språk. Det var ein gledeleg auke for bøker for barn og unge; 94 tildelingar mot 82 i 2012, mens sakprosa og skjønnlitteratur gikk litt tilbake mot året før – 90 løyvingar til sakprosa (104 i 2012) og 228 for skjønnlitteratur (245 i 2012).

| Sjanger | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|---------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| Sakprosa | 61 | 63 | 74 | 67 | 69 | 69 | 83 | 84 | 104 | 90 |
| Barn og unge | 24 | 25 | 22 | 43 | 37 | 47 | 46 | 64 | 82 | 94 |
| Skjønn Vaksne | 72 | 92 | 113 | 200 | 173 | 179 | 200 | 235 | 245 | 228 |
| Totalt | 157 | 180 | 209 | 310 | 279 | 295 | 329 | 383 | 431 | 412 |

Både eksterne og interne faktorar spelar inn på statistikken for omsetjingsstøtte. Med tanke på den vest-europeiske bokbransjens utfordringar i økonomiske nedgangstider, er det positivt at nivået held seg for dei store språka. Men for russisk er det ein nedgang med sju godkjente søknader mot 19 i 2012. Mange oppkjøp og endringar i forlagsstrukturen kan spele inn på inngåtte avtalar.

I 2013 reviderte NORLA kriteria for tildeling; omsetjing skal hovudsakleg skje frå norsk. Målet med revisjonen var å styrke omsetjarleddet og sikre ein berekraftig litteratureksport. Nokre fleire søknader enn tidlegare år blei avslått fordi dei ikkje fylte kriteria. I 2013 blei derfor færre bøker omsett via eit anna språk; 44 mot 66 i 2012.

Det er ein fin auke i omsetjing til veksande bokmarknader som kinesisk (12 godkjente søknader mot 5 i 2012), tyrkisk (17 mot 4 i 2012) og portugisisk i Brasil (10 mot 6 i 2012). Her har NORLA delteke på ulike arenaer dei siste åra. Tysk dominerer (34 løyvingar), tett følgd av engelsk (33), dansk (26), svensk (24) og fransk (21). Interessa for norsk litteratur frå dei nordiske landa er høg (62 godkjente søknader mot 58 året før). Det blei godkjent 12 søknader til spansk og 12 til nederlandsk, på nivå med 2012.

Internasjonale aktivitetar

NORLA deltek på internasjonale arenaer for å promotere norsk litteratur og knytte kontaktar. NORLA arrangerer ei rekkje besøk, møte og seminar for omsetjarar, norskstudentar ved utanlandske lærestader, internasjonale og norske forleggjarar.

Bokmesser med vekt på sal av bokrettar

NORLA deltok på dei viktigaste bokmessene i Frankfurt, Bologna, London, Moskva og Gøteborg. For fjerde år på rad besøkte NORLA bokmessa i Beijing, og deltok for første gong på bokmessa i Istanbul, Tyrkia og Rio de Janeiro, Brasil.

Bokmesser og festivalar med vekt på forfattarpresentasjon

NORLA var medarrangør av eit forleggarseminar under Nordic Cool-festivalen i regi av Kennedy-senteret i Washington. Vidar Sundstøl, Pål Brekke, Stian Hole og Merethe Lindstrøm deltok på festivalen. NORLA deltok på bokmessa i Leipzig. Forfattarane Linn T. Sunne, Nina Grøntvedt, Erika Fatland, Bjarte Breiteig og Jørgen Brekke deltok.



Seminar og tiltak for omsetjarar og forleggarar

- NORLA arrangerte omsetjar- og forleggarseminar i Madrid, London og Warsawa.
- Franske forleggarar besøkte forlag i Oslo.
- NORLA møtte nederlandske forleggarar på ambassaden i Den Haag.
- 11 omsetjarar blei invitert til seminar under Litteraturfestivalen på Lillehammer.
- Seminar for internasjonale forleggarar på Lillehammer (samarbeid med Forleggerforeningen).
- NORLA deltok på forleggarlunsj for svenske barnebokforlag, Stockholm (Forleggerforeningen).
- Tre omsetjarar fekk reisestipend til bokmessa i Gøteborg.

Forlagsbesøk

I større grad enn tidlegare besøker NORLA forlag ute. For å knytte kontaktar og promotere utvalde titlar besøkte NORLA forlag i New York, Paris, London, New Dehli (inkl. foredrag om norsk litteratur ved Seagull School of Publishing i Calcutta).

Samarbeid med universitet

Seminar om norsk litteratur og omsetjing for norskstudentar og omsetjarar i Reykjavik, Island og Cluj, Romania.

Tiltak for sakprosa

- Middag for sakprosaforleggarar under bokmessa i Frankfurt.
- Nordisk forleggarseminar for sakprosaforleggarar under Litteraturfestivalen på Lillehammer (samarbeid med NFF).
- Seminar for sakprosaomsetjarar under Sakprosafestivalen (NFF).
- Forleggarar frå Frankrike, Tyskland og Italia som arbeider med fagbøker for barn møtte forlag i Oslo.

Besøk av journalistar, omsetjarar og forleggarar til Norge

I løpet av året besøker ei rekkje omsetjarar Norge for å delta på konferansar og seminar, treffe forfatarane dei har omsett, og forleggarar og agentar. NORLA dekkjer ofte reise, evt. også heile eller delar av opphaldet. Det blei gitt 15 studiestipend til omsetjarar og 56 reisetilskot til omsetjarar og forleggarar. I samarbeid med utanriksstasjonane og forlag i utlandet blei fem journalistar invitert for å synleggjere norsk litteratur i utlandet.

Forfatar- og førelesarreiser frå Norge*

15 forfatarar fikk tilskot til lanseringsreiser til 13 land, og NORLA tildelte 116 reisetilskot (mot 105 i 2012) frå Utanriksdepartementets støtteordning til besøk av norske forfatarar på festivalar og andre arrangement i 37 land. Gjennom Utanriksdepartementets reisestøtte for forfatarar og forelesarar til utanlandske universitet blei det gitt tilskot til 38 reiser til 16 land, som er på nivå med 2012.

*oversikt over tildelingar er lagt ved.

Produksjonstilskot

NORLA gav produksjonstilskot til 20 barnebøker til 14 språk. I 2012 gav NORLA slike tilskot til 13 bøker.



Prøveomsetjingar til engelsk

NORLA tildelte støtte til 51 engelske prøveomsetjingar til utdrag av norske bøker. I 2012 var talet 26.

Ekstra tilskot til publikasjonar i utlandet*

NORLA gav 14 ekstrastøtter til andre samarbeidsprosjekt i ni land.
*oversikt over tildelingar er lagt ved.

Promosjonsstøtte*

NORLA tildelte 24 promosjonsstøtter til omsetjarar.
*oversikt over tildelingar blir lagt ved årsmelding.

Norden*

For 2013 var den totale tildelinga for heile Norden 2,9 mill. Norges del utgjorde kr. 529.400. NORLA tildelte nordisk omsetjingsstøtte til 62 utgivingar.
*oversikt over tildelingar er lagt ved.

Bistandsmidlar til land i sør*

NORLA gav sju tildelingar av reisestøtte til fire land, som året før. NORLA gav produksjonsstøtte til bildebøker for barn til indiske språk. NORLA knytte kontaktar med indiske forlag i New Dehli og heldt foredrag for forlagsstudentar ved Seagull School of Publishing i Calcutta.
*oversikt over tildelingar er lagt ved.

Øvrige tiltak

- NORLA arrangerte to frukostmøte med norske agentar.
- Nordisk kollegamøte (NordLit) i Inari, Finland.
- Deltok på seminar om Nordisk råds litteraturpris for barn, med Norsk barnebokinstitutt og andre.
- Deltok i prosjektet *Voice in translation* ved UiO.
- Deltaking med program på *Oversatte dager*, Litteraturhuset (samarbeid med Norsk Oversetterforening.)

Utvalde titlar til presentasjon

Det blei laga presentasjonsmaterieil for 77 titlar i alle sjangrar til presentasjonar på bokmesser og i andre samanhengar. Det blei også laga engelske prøveomsetjingar av utdrag frå fleire av desse bøkene. I tillegg arbeidde NORLA aktivt med backlist, og gav merksemd til fleire titlar.

Pris til NORLA

NORLA fekk Askeladdprisen av IBBY for sin innsats for å formidle norsk barnelitteratur til utlandet.

10. mars 2014
For styret

For administrasjonen

Trond Andreassen (sign.)

Margit Walsø (sign.)



**Translation grants for translation subsidies from NORLA:
Norwegian fiction and non-fiction.**

(www.norla.no, as of January 29, 2014).

TOTAL: 412 grants for translation into 46 languages.

| Language | Total |
|----------------------------|------------|
| 1 German | 34 |
| 2 English | 33 |
| 3 Danish | 26 |
| 4 Swedish | 24 |
| 5 French | 21 |
| 6 Bulgarian | 19 |
| 7 Czech | 19 |
| 8 Turkish | 17 |
| 9 Macedonian | 14 |
| 10 Hungarian | 13 |
| 11 Chinese | 12 |
| 12 Dutch | 12 |
| 13 Polish | 12 |
| 14 Serbian | 12 |
| 15 Spanish | 12 |
| 16 Italian | 11 |
| 17 Albanian | 10 |
| 18 Portugese (incl Brazil) | 10 |
| 19 Estonian | 8 |
| 20 Arabic | 7 |
| 21 Georgian | 7 |
| 22 Rumenian | 7 |
| 23 Russian | 7 |
| 24 Ukrainian | 7 |
| 25 Croatian | 6 |
| 26 Faroese | 6 |
| 27 Slovakian | 6 |
| 28 Greek | 5 |
| 29 Hindi - India | 4 |
| 30 Lithuanian | 4 |
| 31 Armenian | 3 |
| 32 Finnish | 3 |
| 33 Icelandic | 3 |
| 34 Bosnian | 2 |
| 35 Hebrew | 2 |
| 36 Korean | 2 |
| 37 Latvian | 2 |
| 38 Malayalam - India | 2 |
| 39 Azerbaijani | 1 |
| 40 Belarussian | 1 |
| 41 Bengali | 1 |
| 42 Catalan | 1 |
| 43 Japanese | 1 |
| 44 Kurdish | 1 |
| 45 Montenegrin | 1 |
| 46 Sinhalese | 1 |
| Grand Total | 412 |

**Translation grants for translation subsidies from NORLA:
Norwegian fiction and non-fiction.**

(www.norla.no, as of January 29, 2014).

TOTAL: 412 grants for translation into 46 languages.

| Language | Total |
|----------------------------|------------|
| 1 Albanian | 10 |
| 2 Arabic | 7 |
| 3 Armenian | 3 |
| 4 Azerbaijani | 1 |
| 5 Belarussian | 1 |
| 6 Bengali | 1 |
| 7 Bosnian | 2 |
| 8 Bulgarian | 19 |
| 9 Catalan | 1 |
| 10 Chinese | 12 |
| 11 Croatian | 6 |
| 12 Czech | 19 |
| 13 Danish | 26 |
| 14 Dutch | 12 |
| 15 English | 33 |
| 16 Estonian | 8 |
| 17 Faroese | 6 |
| 18 Finnish | 3 |
| 19 French | 21 |
| 20 Georgian | 7 |
| 21 German | 34 |
| 22 Greek | 5 |
| 23 Hebrew | 2 |
| 24 Hindi - India | 4 |
| 25 Hungarian | 13 |
| 26 Icelandic | 3 |
| 27 Italian | 11 |
| 28 Japanese | 1 |
| 29 Korean | 2 |
| 30 Kurdish | 1 |
| 31 Latvian | 2 |
| 32 Lithuanian | 4 |
| 33 Macedonian | 14 |
| 34 Malayalam - India | 2 |
| 35 Montenegrin | 1 |
| 36 Polish | 12 |
| 37 Portugese (incl Brazil) | 10 |
| 38 Rumenian | 7 |
| 39 Russian | 7 |
| 40 Serbian | 12 |
| 41 Sinhalese | 1 |
| 42 Slovakian | 6 |
| 43 Spanish | 12 |
| 44 Swedish | 24 |
| 45 Turkish | 17 |
| 46 Ukrainian | 7 |
| Grand Total | 412 |